

---

## Trolldans

---

Det leikar så mangt ei sumarsnott  
i dvergeskog, i dvergeskog,  
alvedans og huldrelått;  
å hei deg å hildrane du!  
Lettlege trøda me dansen i kveld under fjelli,  
lettele trøda me dansen i kveld  
under himiltjeld.

*Gutane syng:*

Å høyre du Gro, kva eg seie deg,  
i dvergeskog, i dvergeskog,  
vil du til blåfjell ride med meg?  
Å hei deg å hildrane du!  
Lettlege trøda me dansen i kveld under fjelli,  
lettele trøda me dansen i kveld  
under himiltjeld.

*Jentane syng:*

Å høyre du, Per, kvi tala du so,  
i dvergeskog, i dvergeskog,  
fyr ska det springa mitt hjarteblod.  
Å hei deg å hildrane du!  
Lettlege trøda me dansen i kveld under fjelli,  
lettele trøda me dansen i kveld  
under himiltjeld.

*Gutane syng:*

Eg syrjer no ikkje så såre for di,  
i dvergeskog, i dvergeskog,  
heime ventar meg kjerringa tri.  
Å hei deg å hildrane du!  
Lettlege trøda me dansen i kveld under fjelli,  
lettele trøda me dansen i kveld  
under himiltjeld.

### Forklaringer:

***hildrane du:*** gilde du ( forsterkande uttrykk ) - ***himiltjeld:*** tjeld: duk, klede, her: himmelkvelv.

### Opplysninger:

Teksten er det Hulda Garborg som har dikta, trykt i Norske dansevisur 1913.